


KOMMUNEPLAN 2023-2034

SAMFUNNSDELEN

Vedteke i kommunestyret 09.02.2023







INNHALD

PLANPROSESSEN	4
RAMMER FOR PLANARBEIDET	5
VISJON	8
OVERORDNA MÅL	8
VERDIANE VÅRE	9
STATUS ÅSERAL KOMMUNE	10
UTFORDRINGAR FRAMOVER	14
KOMMUNEN SOM ORGANISASJON	15
ATTRAKTIV OG LIVSKRAFTIG KOMMUNE	18
VERDISKAPING OG BEREKRAFT	20
TRANSPORT OG KOMMUNIKASJON	22
UTDANNING OG KOMPETANSE	25
KULTUR	27
SAMFUNNSTRYGGLIK OG BEREDSKAP	28
PLANSYSTEMET - SAMANHENG, OPPFØLGING OG GJENNOMFØRING	29
FØRINGAR FOR UTARBEIDING AV AREALDELEN	30

PLANPROSESSEN

I arbeidet med denne planen har vi lagt vekt på medverknad frå politikarar, tilsette, innbyggjarar, deltidsinnbyggjarar og næringsliv. Alle har bidrege i arbeidet med å peika ut retning for det framtidsbiletet vi ynskjer oss.

Ved oppstart av planarbeidet tidleg i 2021 vart det lagt til grunn at visjon og målsettingar frå den førre samfunnsdelen skulle leggjast til grunn, samstundes som at samfunnsdelen skulle innrettast i tråd med ny regionplan – regionplan Agder 2030.

I perioden september 2021 til januar 2022 har det vore medverknad frå mange ulike interessegrupper og politiske utval. Arbeidsmetoden har variert frå gruppe til gruppe. Det er gjennomført arbeidsmøte, dialogmøte, gjestebod, møte på

digitale plattformer, spørjeundersøking, innbyggjarundersøking og ope folkemøte. Kommunedirektør har i stor grad styrt prosessen. I slutfasen har formannskapet og kommunestyret hatt ei meir aktiv rolle i samarbeid med administrasjonen.

Med bakgrunn i kva som har kome fram av tankar og idear i prosessen, og ana kunnskapsgrunnlag, er dette planforslaget utarbeidd. Sentrale og regionale føringar er òg teke omsyn til. Ein del av innspela er konkrete tiltak som høyrer heime i handlings- og økonomiplanen eller temaplanar og er difor ikkje tekne med i samfunnsdelen.

Dokumentet vart lagt ut til offentleg ettersyn den 27.10.2022 og slutthandsama i kommunestyret 09.02.2023.

RAMMER FOR PLANARBEIDET


Når vi ser på samfunnsutviklinga, er det ei gjengs oppfatning at nokre trendar er framtreddande i eit lokalt, nasjonalt og globalt perspektiv. Auka globalisering, klimaendringar, miljøutfordringar, berekraft, teknologi og digitalisering, sentralisering, demografi, samskaping og individualisering er døme på dette. Alt dette må vi som kommune ta med i betraktninga når vi utarbeider ein strategisk plan som kommuneplanens samfunnsdel er.

Kvart fjerde år legg regjeringa fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Her blir det lagt føringar for kva tema som skal vektleggjast i den kommunale planlegginga slik at denne kan skje effektivt og til det beste for innbyggjarane.

Regjeringa legg vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

- Å skapa eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skapa eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- Å skapa eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skapa eit trygt samfunn for alle

Regjeringa har bestemt at dei 17 berekraftsmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Noreg. Det er difor viktig at berekraftsmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. For å skapa ei berekraftig utvikling, må vi arbeida med berekraft på tre område – økonomisk, miljømessig og sosialt.



Figur 1. FNs berekraftsmål kategorisert på tre område: Klima og miljø, økonomi og sosiale forhold

BEREKRAFT

Økonomisk berekraft handlar om å sikra økonomisk vekst og produksjon med så lite trykk på natur og miljø som mogleg. Miljømessig berekraft handlar om å ta omsyn til naturen si bereevne. For å lykkast med dette, må vi bli meir medvitne og handlekraftige. Sosial berekraft handlar om at alle skal ha lik tilgang til mellom anna arbeid, bustad, utdanning, kultur og deltaking i samfunnet. Fysiske omgjevnadar og det bygde miljøet er med på å skapa rammer for lokalsamfunnet og er viktige for våre moglegheiter til å delta i det sosiale livet.

Under er berekraftsmåla Åseral kommune vil satse spesielt på i komande planperiode. Desse berekraftsmåla er vald ut i planprosessen fordi dei er svært relevante for kommunen vår og er direkte kopla mot måla kommunen har sett seg.



Figur 2. FNs berekraftsmål som Åseral kommune vil satse spesielt på i komande planperiode.

BYGDEVEKSTAVTALE

Regjeringa vil prøve ut eit nytt distriktspolitisk verkemiddel med bygdevekstvtalar. Bygdevekstvtalar skal blant anna bidra til samordning av verkemidlar og aktørar innafor eksisterande økonomiske rammer. Det er lagt opp til at staten og kommunane i samarbeid er partar i bygdevekstvtalane.

Målet med bygdevekstvtalane er å bidra til busetjing, tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidsretta næringsutvikling i dei minst sentrale delane av landet.

Åseral kommune legg opp til eit samarbeid med resten av region Setesdal for å søkja om bygdevekstvtale for å få til gode løysingar på felles utfordringar.

OPPBYGGING AV SAMFUNNSDELEN

Agder fylkeskommune er vår regionale planmyndigheit, og regionplan Agder 2030 er overordna plan for regional utvikling i Agder. Hovudmålet i regionplan Agder 2030 er å utvikla Agder til ein miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig region i 2030 – eit attraktivt samfunn med låge utslepp og gode levekår.

Med bakgrunn i regionplan Agder 2030 legg vi opp til fem hovudsatsingsområde fram mot 2034:

- Attraktiv og livskraftig kommune
- Verdiskaping og berekraft
- Transport og kommunikasjon
- Utdanning og kompetanse
- Kultur

I tillegg har planen tre gjennomgåande perspektiv som det skal takast omsyn til under dei respektive hovudsatsingsområda:

- Næringsutvikling og samarbeid om nye arbeidsplassar
- Levekår, likestilling, inkludering og mangfald
- Klima og miljø

Samfunnstryggleik og beredskap er i tillegg eit svært viktig tema som blir omtala spesielt i samfunnsdelen. Kommunen som organisasjon er òg ein viktig del av kommuneplanens samfunnsdel og har fått eit eige kapittel med mål og strategiar.

Sjølv om hovudsatsingane i vår samfunnsdel er til dels samfallande med regionplan Agder 2030, er dei tilpassa vårt behov for og ynskje om samfunnsutvikling i Åseral. Dei satsingane vi hadde i den førre samfunnsdelen er vidareført under hovudsatsingane og handlar om korleis Åseral kan vere attraktiv for næring, vitjande og som bustadkommune.

Kommuneplanens samfunnsdel er ein sektorovergripande plan med overordna føringar for heile kommunen som organisasjon.

VISJON

Åseral – ei positiv kraft

OVERORDDNA MÅLSETTING

Alle i Åseral skal oppleve god livskvalitet og vera godt rusta til å møte framtida.



Foto: Anne Haug Røynlid

VERDIANE VÅRE

SÆRPREGA

- Fordi vi vil ta vare på tradisjonane
- Fordi vi tør skilja oss ut
- Fordi vi trur særpreg gjer oss attraktive

VENLEG

- Fordi vi skal vera best på service
- Fordi vi bryr oss om kvarandre
- Fordi vi ynskjer nye tankar og folk velkomne
- Fordi vi er gjestfrie

AKTIV

- Fordi vi vil at noko skal skje
- Fordi vi har ressursar til å yta
- Fordi vi saman skapar utvikling
- Fordi vi saman formar framtida

ROMSLEG


- Fordi vi tolererer ulikskap
- Fordi vi har respekt for kvarandre
- Fordi vi trur mangfald gir utvikling



STATUS ÅSERAL KOMMUNE

FOLKETALSUTVIKLING


Åseral har i løpet av dei siste 20 åra hatt ein svak befolkningsvekst. Veksten har vore størst i sentrumsnære område, slik som Kyrkjebygd, men elles er trenden òg at folk ynskjer å bu spreidd.




Figur 3. Statistisk sentralbyrå (SSB) spår befolkningsnedgang i Åseral som følge av negativt fødselsoverskot og negativ netto innanlands flytting. (Kjelde: Agder fylkeskommune)

Ein viktig grunn til at kommunen har ein svak auke i folketallet skuldast tilflyttarar. Fleirtalet av tilflyttarane er arbeidsinnvandrarar frå europeiske land. I 2022 har det kome fleire tilflyttarar som følgje av mottak av flyktingar frå krigen mellom Russland og Ukraina.

SSB og Distriktssenteret har ganske ulike framstillingar av befolkningsframskrivinga. Bakgrunnen for dette er ikkje kjent, men det er alltid stor usikkerheit om folketalsutvikling i små kommunar. Fellesnemnaren er ein forventa nedgang i folketallet i åra fram mot 2040. Demografisk sett vil det bli fleire eldre i kommunen, og det blir fødd færre barn.




Figur 4. Befolkning og kvartalsvise endringar, Åseral, innvandring (Kjelde: Statistisk sentralbyrå)



Figur 5. Distriktssenteret (Telemarksforsking) si befolkningsframskriving i ulike scenario samt SSB si framskriving

LEVEKÅR


Åseral er blant dei kommunane med høgast sysselsetting i fylket og ligg godt over gjennomsnittet for landet. Dette er veldig positivt, men vil på same tid krevje god tilrettelegging for å oppretthalda denne trenden framover.



Figur 6. Sysselsetting i Agder (Kjelde: Agder fylkeskommune)


Åseral ligg høgt i andel sysselsette kvinner i deltidsarbeid, nærmare bestemt nest høgast i Agder med 68,5 %. Blant menn er det 16,4 % som arbeider deltid, og i snitt er det 39,9 % av arbeidsstokken i Åseral som arbeider deltid.

Åseral har ein høgare andel tilsette i privat sektor enn gjennomsnittet for Agder og resten av landet utanom Oslo. Næringsstrukturen viser at det er innan landbruk, bygg og anlegg, varehandel og reiseliv at det er størst andel tilsette. Dette er positivt, og det må satsast målretta i åra som kjem for å oppretthalda denne positive trenden.



Figur 7. Fordeling mellom offentlig og privat sektor for Åseral (2000–2019). Figuren er henta frå Distriktssenteret. (SSB endra metoden for å berekne tal sysselsette i 2015. Den nye metoden ga omtrent 4 % færre arbeidsplassar i næringslivet.)


Gjennomføringsgraden i vidaregåande skule er høgare enn snittet for Agder, og om lag $\frac{3}{4}$ av elevane tek yrkesfagleg utdanning. Det har vidare vore ei positiv utvikling dei siste åra når det kjem til grunnskulepoeng, og Åseral ligg nå over fylkessnittet for grunnskulepoeng.



Figur 8. Gjennomføring av vidaregåande opplæring, Agder og Åseral (Kjelde: Agder fylkeskommune)

Hushald med vedvarande låg inntekt er ei aukande utfordring for kommunen, og status viser at det er ein høgare andel av desse i Åseral enn elles i Agder og landet elles.

På den andre sida må vi ta med oss at kommunen har låge utgifter til sosialhjelp.



Figur 9. Andel personar i hushald med vedvarande låginntekt – EU60 (Kjelde: Agder fylkeskommune)

KLIMA


Klimaendringar er ei global utfordring, og vi må vere førebudd på å handtera hendingar som følgje av ekstremvær og gjennomføre reduksjonar i utslepp. Ein varmare, våtare og villare værtype vil føre til hyppigare ekstremvær. Dette vil ha konsekvensar for kritisk infrastruktur som kraftforsyning, digital kommunikasjon og vegnettet vårt.

Transport står for mest klimagassutslepp i Agder, og vi må difor vere med å leggja til rette for elektrifisering av denne og andre sektorar. Som ein reiselivskommune i vekst er det viktig at vi er frampå og søker ei innovativ og berekraftig utvikling som bidreg til å oppretthalda sysselsetting og verdiskaping i kommunen.

Åseral kommune er vertskommune for store utbyggingar innan vasskraft og er slik sett ein stor bidragsytar til fornybar energi i Agder.

BUSTADUTVIKLING

Åseral er prega av spreidd busetjing, og det blir bygd omlag 5 bustader i året i kommunen. Einebustader utgjer hovuddelen av bustadmassen i kommunen, og ein ser at leilegheiter, rekkehus og liknande er tilsvarande sterkt underrepresentert.



Figur 10. Bustadmasse (2021) – Åseral kommune, unnateke fritidsbustader (Kjelde: Agder fylkeskommune)

Ifølge SSB finst det 2244 fritidsbustader (2022) i kommunen, medan tal basert på renovasjonsavgift syner at det er om lag 2500 fritidsbustader i Åseral. Årsaka til differansen er at talet på driftshytter/gamle stølar knytt til landbruksnæringa kjem i tillegg.

Hovudtyngda av fritidsbustadene er lokalisert til Bortelid, Eikerapen og Ljosland.

	Eksisterende bygninger	
	2022	
	Hytter, sommerhus og lignende fritidsbygg	
K:4224 Åseral		2 244

Figur 11. Fritidsbustader – Åseral kommune (Kjelde: SSB)

FRITID

Åseral har ein høg andel frivillige per 1000 innbyggjarar. Kommunen har eit breitt tilbod av kultur- og fritidsaktivitetar.

Kommune	Antall frivillige pr. 1000 innbygger	Kommunale driftstilskudd til frivillige lag og foreningar pr. innbygger
Risør	98	311
Grimstad	82	116
Årendal	36	45
Gjerstad	145	57
Vegårshei	31	51
Tvedestrand	68	61
Froland	20	177
Lillesand	98	163
Birkenes	23	110
Åmli	49	81
Iveland	0	106
Evje og Hornes	53	195
Bygland	62	188
Valle	46	74
Bykle	78	474
Kristiansand	28	83
Mandal	69	13
Farsund	61	55
Flekkefjord	42	70
Vennesla	40	43
Songdalen	23	73
Søgne	45	45
Marnardal	63	109
Åseral	140	245
Audnedal	63	64
Lindesnes	93	94
Lyngdal	49	103
Hægebostad	116	193
Kvinesdal	254	1 469
Sirdal	189	247

Kommunale tilskudd til lag og foreningar og antall frivillige i lokalavdelinger organisert under Norsk kunstforeningar, Norge Husflidslag, Agder historielag, Forbundet Kysten, Korpsnett Norge

Figur 12. Tal frivillige per 1000 innbyggjarar.

UTFORDRINGAR FRAMOVER

STADUTVIKLING + NÆRINGSUTVIKLING = ATTRAKTIVITET


Figuren til høgre viser moglegheitsrommet kommunen har til å påverka attraktiviteten sin sjølv. (Dei grå prikkane er attraktivitetsverdiar for andre kommunar i den siste tiårsperioden.)

Eitt scenario er at ein lykkast med å skapa høg og positiv attraktivitet for både busetjing og næringsliv. Då vil attraktivitetsverdien for Åseral bli som vist med den grønne prikken. Ein kan òg lage eit scenario der den framtidige attraktiviteten er låg. Den er vist med den raude prikken. Skilnaden mellom scenarioet med høg og låg attraktivitet viser med andre ord det moglegheitsrommet kommunen har for framtidig befolkningsutvikling.

Eit naturleg scenario er at attraktiviteten er akkurat som middels. Det vil gi ein vekst i tråd med det forventa ut frå dei strukturelle føresetnadane som er lagt inn i scenarioet (den blå prikken). Eit siste scenario er at attraktiviteten for Åseral blir den same i framtida som gjennomsnittet for dei siste ti åra (oransje prikk).

Kommunen har som figuren viser eit potensial for å tiltrekka seg nye innbyggjarar, men det må arbeidast målretta med dette framover for at ein skal lykkast. I tillegg må ein leggja til rette for dei unge åsdølane som vil koma heim att og leggja til rette for busetjing der dei unge ynskjer det.

Stadutvikling og næringsutvikling heng tett saman, og i dei neste kapitla viser kommunen korleis ein tenkjer seg å jobba med dette dei neste 12 åra, både i rolla som samfunnsutviklar og som organisasjon.



Figur 13. Fire ulike scenario for utvikling i folketallet i Åseral, alt etter kor høg attraktivitet Åseral har i framtida. (Kjelde: Distriktssenteret/Telemarksforskning.)

KOMMUNEN SOM ORGANISASJON


ØKONOMI

Åseral kommune si finansielle stilling er ein viktig indikasjon på kva føresetnad kommunen har for å yta eit forsvarleg tenestetilbod på lang sikt. Kommunen har eit ganske høgt kostnadsnivå per innbyggjar, men samstundes har vi pga. kraftinntekter, eigedomsskatt på «verk og bruk», avkastning på finans m.a. høge frie inntekter per innbyggjar. Basert på desse eigenskapane har KOSTRA (kommune–stat–rapportering) plassert kommunen i KOSTRA-gruppe 15, mellom anna saman med Valle kommune.

Åseral kommune er ein kraftkommune og har ganske høge inntekter relatert til dette. Dette gir kommunen eit ekstra handlingsrom viss det skulle oppstå ekstraordinære kostnader eit år, for eksempel knytt til vedlikehald av veg, bygningsmasse eller anna kommunal infrastruktur.

Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter ligg på eit litt lågare nivå enn for dei andre kommunane i KOSTRA-gruppe 15, Agder og landet elles.

Kommunen sin likviditet er god, og kommunen har følgjeleg ingen problem med å møta daglege plikter i høve til likviditet.



Figur 14. Tillitsdimensjonar på stadnivå. (Kjelde: Telemarksforskning)

Kommunen sine finansielle omløpsmiddel er fordelt mellom innskot i bank/pengemarknad (30 %), obligasjonar (28 %), aksjar (27 %) og eigedomsfond (15 %).

Åseral kommune har kort sagt ein god og stabil økonomi.

TENESTEYTING

Det er god kvalitet på dei kommunale tenestene, og det er eit mål for kommunen å oppretthalda dette nivået. Kommunebarometeret syner at Åseral kommune blir drive godt. Innbyggjarundersøkinga som vart gjennomført i 2021 syner at innbyggjarane er godt nøgde med tenesteytinga.

Åseral kommune er 1 av 5 kommunar i region Setesdal. Målet i regionen er eit levande og inkluderande lokalsamfunn i ein vekst- og berekraftig region. Regionen har tre hovudstrategiar som omhandlar reiseliv, kompetanse og livskraftige bygder.

Interkommunalt samarbeid utover regionsamarbeidet er òg viktig for Åseral for å få løyst pålagte oppgåver innan enkelte tenesteområde som t.d. barnevern, PPT (pedagogisk-psykologisk teneste), NAV, renovasjon, brannvern og enkelte helsetenester.









Kommunen skal medverke til å utvikla lokalsamfunnet og gjera det attraktivt å leva og bu her, mellom anna gjennom god planlegging og medverknad frå innbyggjarane våre og andre relevante aktørar.

Kommunen står overfor stadig meir komplekse oppgåver som krev eit endå tettare tverrfagleg og interkommunalt samarbeid og auka breidde i kompetansen i organisasjonen.

I åra som kjem vil det bli viktigare og viktigare med endringsvilje og -kompetanse for å følgja med på den utviklinga som skjer i samfunnet rundt oss. I tillegg må vi samarbeide mykje tettare både med næringsliv og frivillige.
















KOMMUNEN SOM ORGANISASJON

Slik vil vi ha det		Sånn gjer vi det
  	<p>Åseral kommune yter gode, trygge og framtidretta tenester til innbyggjarar og brukarar</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Vi utarbeider ein kompetanseplan for å sikra best mogleg kvalitet på tenestene • Vi jobbar aktivt med rekruttering • Vi samarbeider førebyggjande og tverrfagleg innan alle fagområde • Vi tek i bruk ny teknologi for å løysa framtidias utfordringar
 	<p>Åseral kommune er ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Vi vektlegg følgjande i arbeidsgjevarstrategien: <ul style="list-style-type: none"> - ei tydeleg leiing - endringsevne og endringsvilje - kultur for kvalitet og kompetanse - eit arbeidsmiljø med likestilling, likeverd og mangfald - eit godt arbeidsmiljø med lite fråvær
	<p>Tillitsreforma er innført i Åseral, og det er stor tillit mellom ulike nivå i kommunen</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Vi arbeider målretta med tillit: <ul style="list-style-type: none"> - mellom politisk og administrativt nivå samt eksterne aktørar - mellom tillitsvalde, arbeidsgjevar og mynde (trepartssamarbeidet) - slik at vi har høg grad av medverknad i interne prosessar - slik at vi ikkje har meir rapportering enn naudsynt
  	<p>I Åseral har vi eit aktivt lokaldemokrati</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Vi varetek innbyggjarane sine moglegheiter for å påverka viktige avgjerder • Vi har ei aktiv involvering av ungdomsråd og fellelsråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne • Vi er aktive med å løfta opp aktuelle saker for politisk handsaming eller drøfting • Politiske vedtak er lett tilgjengelege og vert følgt opp i administrasjonen

Tabell 1. Mål for kommunen som organisasjon i planperioden.









ATTRAKTIV OG LIVSKRAFTIG KOMMUNE






	Slik vil vi ha det	Sånn gjer vi det
  	<p>I Åseral har vi høg kvalitet på dei offentlege tenestene</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Vi er gode på universell utforming på stader som bør vera tilgjengelege for alle • Åseralsheimen er best i Noreg når det gjeld brukartilfredsheit • Vi rettar merksemd mot fysisk aktivitet og mat som er bra for kroppen • Vi vektlegg matglede og næringsrike måltid på Åseralsheimen • Vi tilbyr sunn skulemat kvar dag for alle elevar • Vi satsar på universelle, førebyggjande tiltak som når mange • Vi er gode på å sjå samanheng i tenestene kommunen leverer • Vi satsar på å skapa aktivitet og fellesskap på tvers av generasjonar
 	<p>I Åseral har vi tilgjengelege bustader for alle</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Vi legg til rette for busetjing i heile kommunen • Vi legg til rette for at vi har bustader som passar dei ulike aldersgruppene og behova folk har enten for å eiga eller leiga • Vi har bustader og leilegheiter tilgjengelege i sentrum • Vi har ein aktiv bruk av startlån slik at fleire kan bruke ordninga
	<p>I Åseral har vi eit inkluderande og raust samfunn</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Vi satsar på synleg og målretta marknadsføring for å få nye innbyggjarar • Alle nye tilflyttarar får ei velkomstpakke som gir god informasjon om tenester og aktivitetar • Vi inkluderer og tek vare på nye innbyggjarar • Vi arbeider aktivt for at alle, uavhengig av kjønn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsevne og seksuell orientering, trivst i Åseral
 	<p>I Åseral har vi levande sentrumsområde tilrettelagt for alle</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Kommune, næringsliv og frivillige samarbeider om å gjera det attraktivt å etablere seg i sentrum • Vi tek i bruk kunst, kultur, idrett, arenaer for tru og livssyn og kommersielle møteplassar for å skapa folkeliv • Vi har aktivitetar/installasjonar i sentrum som gjer at folk tek ein stopp • Vi legg til rette for auka bruk av aktivitets- og idrettsanlegga våre • Vi har eit variert nærturløypenett med noko for alle • Det er enkelt å finna informasjon om aktivitetar og turmål i heile kommunen • Vedlikehaldet av kommunen sine bygg er bra og tilhøyrande uteareal er velstelte

Slik vil vi ha det	Sånn gjer vi det
  	<p>I Åseral arbeider vi for å redusera utslepp med inntil 45 %</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi arbeider målretta med å redusera utslepp innan bygg og anlegg, landbruk og transport • Vi arbeider målretta for å redusera matsvinn • Vi har kjeldesortering og gode ordningar for levering av avfall både for innbyggjarar og i hytteområda • Vi rettar merksemd mot gjenbruk og gjenvinning i kommunale aktivitetar og prosjekt • Klimabudsjettt og klimarekneskap blir nytta i både offentlege og private verksemder • Vi legg til rette for energieffektivisering • Vi legg til rette for ein aktiv bruk av kulturlandskapet
	<p>I Åseral er frivilligheita ei drivkraft</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi vidareutviklar frivilligsentralen og støttar opp om det frivillige arbeidet • Vi får på plass frivilligerklæring i Åseral kommune i samarbeid med frivillige lag og foreiningar • Vi involverer og lyttar til frivillige og er gode på å synleggjera og verdsetja frivillig arbeid • Vi blir omtala som gode på samarbeid og samskaping med frivillige • Vi legg til rette for at frivillige kan nytta offentlege lokale utan kostnad eller til ei rimeleg leige
 	<p>Åseral har eit aktivt og engasjert ungdomsmiljø</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi er gode på å engasjera ungdomsrådet • Ungdomsklubben har god aktivitet og er gode på å involvera både ungdom og føresette • Vi satsar på unge kunstnarar og handtverkarar • Jobbgarantien er viktig for dei unge og blir kontinuerleg vidareutvikla
	<p>Åsdølen er stolt over heimstaden sin – bygda mi</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi er gode på å synleggjera kvalitetane Åseral har • Innfallsportane og rasteplassane i Åseral er innbydande, informative og særigne • Vi tek vare på naturområde i kommunen som er lokalt viktige område til jakt, friluftsliv og rekreasjon

Tabell 2. Mål for at Åseral er ein attraktiv og livskraftig kommune.

VERDISKAPING OG BEREKRAFT

Slik vil vi ha det	Sånn gjer vi det
  	<p>Bli bondekjerring! I Åseral har vi eit levande landbruk</p> <ul style="list-style-type: none">• Vi bidreg til at flest mogleg gardsbruk i Åseral har aktiv jord- og skogbruksdrift• Vi stimulerer til meir bruk av lokalt trevirke• Vi får til eit ekstraordinært løft for mjølkebruk fram mot 2034• Vi bidreg til at kulturlandskapet blir oppretthalde og ikkje gror att• Vi bidreg til kompetanseheving og støtte til innovative prosjekt• Vi tek best mogleg vare på fulldyrka mark• Vi bidreg til å etablera småskalaprodusentar av lokalmat og nisjeproduksjonar• Vi stimulerer til rett og effektiv bruk av jordbruksareala slik at produksjonen blir optimal
 	<p>I Åseral legg vi til rette for nyetableringar/ gründerar og samarbeid mellom ulike næringer</p> <ul style="list-style-type: none">• Vi har ei aktiv haldning overfor næringsråd, gründerar og bedrifter og vil i samarbeid med lokalt næringsliv arbeide for å etablera eit vekstselskap• Vi bidreg med å kopla opp mot aktuelle nettverk, kompetansemiljø og hjelp med finansiering• Vi arbeider aktivt for at fleire vekstkraftige små og mellomstore bedrifter blir etablert i kommunen• Vi legg til rette for etablering av eit fellesskap for gründerar• Vi syter for tilgjengeleg næringsareal og næringsbygg for leige på både kort og lang sikt• Vi hjelper dei etablerte næringane slik at dei kan vidareutvikla seg• Vi nyttar næringsfond for å stimulera til næringsutvikling
  	<p>I Åseral er lokal verdiskaping basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar</p> <ul style="list-style-type: none">• Vi utarbeider lokale rammeavtalar med kortreist og grøn profil• Innkjøp i kommunen er klimavennlege• Vi prøver ut innovativ anskaffing i lokale prosjekt• Vi er med på å utvikla og prøva ut nye prosjekt basert på designdriven innovasjon• Vi bidreg til etablering av berekraftig blå og grøn næring• Vi ynskjer ikkje kryptoproduksjon i kommunen





Slik vil vi ha det	Sånn gjer vi det
    	<p>Åseral kommune har eit omdømme som ein flott stad å vera</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi legg vekt på berekraftig destinasjonsutvikling • Vi er gode på å synleggjera Åseral som reisemål gjennom både regionale og lokale plattformer • Åseral kommune som organisasjon er miljøsertifisert • 50 % av verksemdene i Åseral kommune er miljøsertifiserte innan 2034 • Vi bevarer naturen, reduserer inngrep og tek vare på kvalitetar som gjer Åseral attraktiv i utbyggingsområda ved å leggja føringar som planmynde • Vi tek i bruk nyskapande design og arkitektur for å sikra gode livsvilkår og for å møte klima- og miljøutfordringane • Vi tek i bruk innovative løysingar ved etablering av ny infrastruktur • Vi har god kapasitet for lading av el-bilar • Vi vidareutviklar gode møteplassar både i hytteområda og i bygdesentera • Vi har eit levande sentrum som folk kjem langvegs frå for å vitja • Vi har variert og god overnattingskapasitet • Hytter og hyttetomter er tilgjengelege for mange ulike målgrupper • Vitjande og fastbuande nyttar eit variert og godt kultur- og aktivitetstilbod • Vi satsar på tilrettelegging av aktivitetar knytt til Øre

Tabell 3. Mål for verdiskaping og berekraft i planperioden.












Elevar på kanotur til Skipheddaren. Foto: Tonje Kallhovd



UTDANNING OG KOMPETANSE

Slik vil vi ha det	Sånn gjer vi det
   <p>Barnehage, skule og bedrifter fremjar kultur for læring, helse og trivsel</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Vi har ei målretta og aktiv rekruttering av kompetansen vi treng • Vi prioriterer tidleg innsats slik at dei som treng det får hjelp til rett tid • Vi satsar på tiltak som reduserer utanforskap • Aktiv Åseral er ein viktig bidragsytar og samarbeidsaktør for helse- og oppvekstsektoren dersom nokon treng særskilte opplegg • Vi promoterer lokale næringer i skulen ved å arrangera open dag og tilby hospitering og praksisplass
 <p>Alle elevar gjennomfører vidaregåande opplæring, fagskule eller høgare utdanning</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Vi har gode rutinar for samarbeid mellom fagmiljøa i overgangane gjennom heile utdanningsløpet • Vi aukar talet på lære plassar innan utdanningsprogram der det er behov for arbeidskraft • Vi har gode rutinar for å kartleggja behovet for kompetanse i rådgjevartenesta og gjennomføra tiltak som møter elevane sine behov for å ta gode karriere- og utdanningsval • Vi har ei offensiv satsing på læringar saman med private verksemder • Vi held fram med å arbeida for desentralisert utdanning • Vi samarbeider med Byremo og Setesdal vidaregåande skular med omsyn til å påverka utdanningstilbod

Tabell 4. Mål for utdanning og kompetanse i planperioden.

TRANSPORT OG KOMMUNIKASJON

Slik vil vi ha det	Sånn gjer vi det
 <p>I Åseral er det etablert miljøvennlege, effektive, sikre og universelt utforma mobilitetsløysningar tilpassa distriktet</p>  	<ul style="list-style-type: none"> • Vi etablerer eit samarbeid i region Setesdal om nye mobilitetsløysingar som er tilpassa indre Agder • Vi etablerer eit kollektivtilbod i heile Åseral (bygderuta, Hent meg eller Svipp) • Vi har eit kollektivtilbod som fungerer godt for elevane som tek utdanning i Agder
 <p>I Åseral har vi god digital infrastruktur og kommunikasjon</p> 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi sikrar god mobildekning i heile kommunen • Vi har fiber til alle innbyggjarar og deltidsinnbyggjarar slik at folk kan bu og arbeida der dei vil
 <p>I Åseral aukar antal reiser til fots og med sykkel</p> 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi arbeider for gang- og sykkelveggar slik at det blir meir attraktivt å gå og sykle. Alle i Kyrkjebygd ferdast trygt til fots og på sykkel. • Vi vidareutviklar og utvidar tilbodet om utlån av el-sykkel for innbyggjarar og vitjande • Vi legg til rette for syklistar langs hovudferdselsårene der det er mogleg ved hjelp av informasjon og fysiske tiltak
 <p>I Åseral er det gode løypenett i alle grendene</p> 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi tek vare på og prioriterer løypenettet ved fortetting/utbygging • Vi bidreg til etablering av gode løyper i heile kommunen • Vi jobbar med kanalisering av ferdsel i delar av kommunen som har trong for dette

	Slik vil vi ha det	Sånn gjer vi det
	I Åseral har vi god standard på hovudvegane i kommunen	<ul style="list-style-type: none"> • Vi jobbar opp mot regionale styresmakter for ein betre standard på dei to hovudinnfartsårene (gul stripe) til kommunen: fylkesveg 455 og fylkesveg 3788, samt fylkesvegane 4030 og 4032. • Vi utbetrar smale og bratte vegstrekningar i kommunen og samarbeider med nabokommunar om strekningar inn mot Åseral
	I Åseral er vi gode på førebyggjande arbeid	<ul style="list-style-type: none"> • <i>Nullvisjonen</i> er aktivt brukt i barnehage og skule for å skapa gode haldningar • Vi samarbeider med frivillige lag og foreiningar om førebyggjande tiltak for å hindra ruskøyring • Vi følgjer opp handlingsplanar som omhandlar trafikktryggleik og rus • Kommunen er ein trygg stad å bu med omsyn til naturfarar og eit klima i endring.

Tabell 5. Mål for transport og kommunikasjon i planperioden.



KULTUR

Slik vil vi ha det	Sånn gjer vi det
 <p>I Åseral tek vi vare på lokalkulturen, kulturminne og kulturmiljø som styrkjer særpreg og identitet</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Vi formidlar lokal kulturhistorie i ulike samanhengar, til dømes i dialogmøte med hyttelag • Vi tek i bruk ulike medium for å formidla kulturhistoria • Vi synleggjer viktige kulturminne • Vi framhevar og er stolte av den lokale kulturhistoria vår, blant anna ved aktiv bruk av kulturminneplanen og kompetanse som <i>Kulturbyggjarane</i> og andre frivillige har
  <p>I Åseral er vi eit godt vertskap og har god serviceinnstilling</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Vi har etablert eit vertskapsprogram • Vi jobbar med turistnæringa for å styrkja lokalt og regionalt samarbeid • Vi utviklar gode produkt for opplevingar • Vi har god og lett tilgjengeleg informasjon til turistar, både før og under opphald • Vi jobbar aktivt for å ha god dialog med hyttefolket • Vi arrangerer dialogmøte mellom hyttevel, grunneigarar og kommunen
  <p>Minne kultursenter er formidlingssenteret i kommunen</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Vi utarbeider strategiplan for drift og utvikling av film, utstillingar og aktivitetar • Vi samarbeider med Tingparken vedkomande folkevandringstida • Vi samarbeider med Agder fylkeskommune om utvikling av Sosteli og jernvinneanlegget i Nåvatn
    <p>I Åseral har vi eit allsidig og variert idretts- og kulturtilbod for alle aldersgrupper</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Vi satsar på tilbod som kulturskule, UKM (Ung Kultur Møtes), Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken • Vi legg til rette for å oppretthalda tilbod om bygdekino • Vi vidareutviklar tilbod og aktivitetar knytt til biblioteket • Vi stimulerer og legg til rette for lag og foreningar sitt arbeid, arrangement, festivalar og aktivitetar • Vi legg til rette for idrett, fysisk aktivitet og folkehelse for alle • Vi samarbeider med kommunane rundt oss for å tilby eit breiare tilbod innan idrett enn det vi har lokalt

Tabell 6. Mål for kulturområdet i planperioden.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP

SAMFUNNSTRYGGLEIK

Tryggleik er eit grunnleggjande behov for oss menneske, og eit trygt lokalsamfunn er ein føresetnad for at innbyggjarane skal trivast der dei bur. Tryggleik kan omfatte både personleg og økonomisk tryggleik så vel som at samfunnsfunksjonane fungerer og at større, uønskete hendingar blir avgrensa. Ein kommune har ansvar for å vurdere risiko i samband med all sin aktivitet, og difor er samfunnstryggleik teken inn som eige kapittel i samfunnsdelen.

Krisar, katastrofar, alvorlege ulykker og svikt i samfunnsviktige system avslører ofte at samfunnet ikkje er godt nok førebudd på å handtera vanskelege situasjonar tilfredsstillande. Døme på dette er koronapandemien og krigen i Ukraina.

God samfunnstryggleik handlar om eit samfunn si evne til å ta vare på liv og helse og dekke grunnleggjande behov for innbyggjarane, samt oppretthalde viktige funksjonar under ulike påkjenningar. God samfunnstryggleik føreset førebygging av uønskete hendingar og beredskap som reduserer skadeverknadane når noko likevel går gale. Kommunane er ein viktig del av den totale samfunnsberedskapen.

BEREDSKAP

Kommunen sitt ansvar i ein krisesituasjon er å delta i arbeidet med skadeavgrensande tiltak for å sikra menneske, miljø og økonomiske verdiar. Det kan òg vere situasjonar der kommunen sjølv er ansvarleg for å handtera hendingar.

I dei fleste tilfella vil ulykker og katastrofar vere av eit slikt omfang at redningstenesta har kapasitet til å takla situasjonen. Dersom ei omfattande ulykke eller ein katastrofesituasjon inntreffer, og dei ordinære innsatsorgana sine ressursar ikkje strekk til, kan kommunen bli engasjert i rednings- og oppryddingsaksjonar. I slike situasjonar vil det bli stilt store krav til innsats frå berørte kommunar, også utover det å stilla ressursar til disposisjon.

Den sivile redningstenesta i Noreg er eit samvirke mellom ei rad offentlege etatar, frivillige organisasjonar og private selskap med ressursar innan redningsteneste. Lokalt har vi òg egne grupper som kan bistå når situasjonen krev det. Kommunen legg til rette for godt samarbeid med alle aktørar.

At Åseral er ein hyttekommune er noko som òg må takast høgde for i beredskapsarbeidet. Spesielt i helger, feriar og høgtider er folketalet mangedobla. Ved høgare folketal kan det vera større sjanse for at slike uønskete hendingar skjer. Det set større krav til oss, t.d. bør vi ha større helseberedskap i vintersesongen. I så måte er det svært viktig at vi kan halda fram med å ha ambulansetenesta stasjonert i kommunen.

For at kommunen skal kunne vere best mogleg budd på slike hendingar, har kommunen plikt til å utarbeida ein overordna risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse). I denne kartlegginga blir det systematisk arbeidd med å avdekka risikoområde, førebyggja desse eller vise korleis skadeavgrensande tiltak kan setjast i verk. Med utgangspunkt i ROS-analysen utarbeider kommunen ein overordna beredskapsplan. Den overordna beredskapsplanen ligg til grunn for sektorvise beredskapsplanar.


PLANSYSTEMET – SAMANHENG, OPPFØLGING OG GJENNOMFØRING

Kommuneplanens samfunnsdel er ein strategisk plan og er gjeldande for perioden 2023–2034. Han er retningsgjevande for ønskt utvikling i kommunen når det gjeld samfunnsutvikling, forvaltning og tenesteyting.

Der arealdelen er juridisk bindande, er samfunnsdelen politisk forpliktande. For å sikra at kommunestyret kan stille seg bak samfunnsdelen, bør han takast opp til diskusjon så snart som mogleg etter kvart kommuneval.

Eventuelle endringsbehov vil bety at prosessen for endring av plan må gjennomførast. Dette kan vera ein litt tidkrevjande prosess, men for å sikra eigarskap hjå kommunestyret, bør det gjerast.

For at samfunnsdelen skal vera eit reelt politisk styringsdokument, må han gje føringar for arealdelen, kommunedelplanar/temaplanar og handlings- og økonomiplan (HØP) med budsjett for komande driftsår.



Figur 15. Det kommunale plansystemet (Kjelde: Asplan Viak)

FØRINGAR FOR UTARBEIDING AV AREALDELEN

FØREMÅL

Arealdelen til kommuneplanen er eit viktig verktøy for å synleggjera dei strategiske vala som er gjort i samfunnsdelen. For å sikra at arealdelen følgjer opp samfunnsdelen på best mogleg måte, har vi konkretisert tema, mål og føringar som skal leggjast til grunn for arealplanen.

OMTALE OG UTFORDRINGAR

Det er behov for å ha ein arealdel som i større grad følgjer opp mål og strategiar vi har lagt i samfunnsdelen.

I gjeldande arealplan ligg det inne store LNF-område (landbruks-, natur- og friluftsområde) som gir lite føringar for meir spesifikk arealbruk. Erfaring har vist at vi treng ein arealdel som i større grad tek utgangspunkt i spesifikke behov og konkretiserer arealbruken etter dette.

Spørsmål vi har stilt oss i arbeidet med samfunnsdelen er:

- Korleis styrer vi bustadutviklinga slik at den blir føreseieleg og samstundes fremmar bulyst?
- Kva for landbruksområde treng vi å sikra for å leggja til rette for eit berekraftig og livskraftig landbruk?
- Kor mykje areal treng vi for å leggja til rette for eit berekraftig reiseliv?
- Korleis legg vi til rette for eit aktivt friluftsliv utanfor reiselivsdestinasjonane?

MÅL FOR AREALPLANEN

- Arealplanlegginga skal fremje bulyst og lokale arbeidsplassar i kommunen.
- Arealplanlegginga skal sikre eit attraktivt Kyrkjebygd sentrum og levande grender.

Føringar for stadutvikling, attraktivitet og bukvalitet

- Det skal leggjast til rette for eit differensiert bustadtilbod slik at det er attraktivt å bu i heile kommunen; både sentrumsnært og spreidd knytt opp mot grendene i kommunen.
- Kommunen skal leggje til rette for aldersvennlege leilegheiter i Austrud.
- Spreidd bustadbygging i LNF-områda er ynskjeleg.
- For å gjera ei god vurdering av lokale tilhøve, skal det utarbeidast ein temaplan for «framtidens landbruk i Åseral» der all dyrka og overflatedyrka mark samt beiteareal i kommunen skal kartleggjast og vurderast. Temaplanen vert utarbeidd i samband med arealdelen.
- Stadlege kvalitetar som kulturminne, kulturmiljø og grøntområde skal utnyttast som identitetsbyggjande element i sentrumsområdet, grendene og reiselivsdestinasjonane.
- Kyrkjebygd skal styrkast som kommunesentrum med gode utemiljø og møteplassar for innbyggjarar og vitjande.
- Kyrkjebygd sentrum, Lognavatn grendehus og Kylland grendehus skal fungere som møteplassar i sine lokalmiljø. Øvrige mindre grender og lokalsamfunn skal stimulerast til å utvikla møteplassar tilpassa lokale tilhøve, og kommunen skal vere ein aktiv støttespelar for grendene.
- Alle større bustadfelt skal ha leike- og uteareal av god kvalitet. Fellesareal og infrastruktur i eksisterande bustadfelt skal fornyast og oppgraderast for å auka attraktiviteten.
- Det skal vera lett tilgang til nærfriluftsområde frå alle større bustadområde, spesielt viktig er dette kring Kyrkjebygd sentrum.

Føringar for næring og verdiskaping

- Prioritera næring i sentrumsutviklinga av Kyrkjebygd og reiselivsdestinasjonane.
- Næringsetableringar skal lokalisert etter lokale tilhøve (rett verksemd på rett stad).
- Verksemdar med plasskrevjande varer/industri/større næringsverksemdar skal i hovudsak lokalisert på Toddemonen eller tilsvarende område sett av til næring/industri i arealdelen.
- Innarbeida framtidretta område for akvakultur.

Føringar for utmarksforvaltning (LNF-områda)

- Jordbruks- og skogbruksnæringa sitt arealgrunnlag skal takast vare på, og det skal leggjast til rette for vidareutvikling av eksisterande drift. Tilleggsnæringar skal ivareta lokale naturverdiar og naturmiljø.
- Forvalta løypenett og turmål gjennom å laga ein besøksstrategi i kommunen der ein vurderer styring av ferdsel for å ivareta beitedyr, sårbare artar og sårbar natur.
- SVR (Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområde) og *Heiplanen* vert synleggjort i arealdelen som omsynssoner.

Føringar for infrastruktur

- Areal- og transportutvikling for fylkesvegane inn i kommunen skal samordnast med nabokommunane for å få til gode og framtidretta løysingar.
- Leggja inn areal til utbetring av flaskehalsar i eksisterande vegnett.
- Det skal vera enkelt og trygt å velja sykkel som framkomstmiddel i alle delar av kommunen der dette let seg gjere.
- I Kyrkjebygd skal transport til sentrum, arbeidsplassar, aktivitetar, barnehage og skule i større grad enn nå føregå til fots eller med sykkel. Det skal leggjast vekt på gang- og sykkelvegane og trygg ferdsel for mjuke trafikantar.

Føringar for klima og berekraft

- Areal til nye fritidsbustader skal fortrinnsvis løysast som fortetting i eksisterande utbyggingsområde eller leggjast inntil eksisterande felt.
- Setja av areal til kjeldesorteringsanlegg i reiselivsdestinasjonane.
- Vektleggja berekraftige løysingar for betre naturtilpassing, energieffektive løysingar, arealeffektivitet/avgrensing storleik og ivaretaking av biologisk mangfald ved utbygging av fritidsbustader.
- Finna eigna areal til felles energianlegg i regulerte hyttefelt, samt gjenbruka opparbeidd areal (til dømes massetak, industriområde og parkeringsplassar) til anlegg for fornybar energi.
- Leggja til rette for areal til ENØK-tiltak.
- Setja av areal til nye mobilitetsløysingar.
- Kommunen skal vere ein trygg stad å bu med omsyn til naturfarar og eit klima i endring.
- Vidareføra Åseral sine lange tradisjonar for seterstruktur i tilknytning til gardsbruka for å sikra god forvaltning og lokalkunnskap for berekraftig landbruk, jakt, friluftsliv og rekreasjon.

